



Lom



Skjåk

«MottakerNavn»
«Kontakt»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»

Vår ref

2025/872-3

Dykkar ref

«Ref»

Saksbehandler

Sander Sælthun

47463218

sander.saelthun@lom.kommune.no

Dato

06.05.2026

Krav i viltressurslova om fastsetting av fellingsavgift i lokal forskrift - høyring av forslag til ny forskrift for Lom kommune

Landbruksdirektoratet har i brev hausten 2025 gjort merksam på at når ny viltressurslov trer i kraft 01.07.2026 innfører den eit krav om at kommunar som ynskjer å fastsette og krevje inn fellingsavgift for elg og hjort, må gjere dette i forskrift, jf. viltressurslova § 9 fjerde ledd. Fellingsavgiftene må bli fastsett innanfor rammer fastsett av Stortinget. Gjeldande ramme fylgjer av Prop. 1 S (2024-2025) frå Landbruks- og matdepartementet s. 131.

Landbruksdirektoratet tilrår at kommunen utarbeidar ei felles forskrift for opning av jakt, fastsetting av minsteareal, og for fastsetting av fellingsavgifter. Det vil gjere det kommunale regelverket meir oversiktleg og lettare tilgjengeleg for både jegerar, interesseorganisasjonar og viltmynde.

Viltutvalet i Lom kommune har i møte 04.05.2026 gjort vedtak om å legge forslag til ny felles forskrift for opning av jakt, fastsetting av minsteareal, og for fastsetting av fellingsavgifter for Lom kommune ut på høyring. Forslaget samsvarer med gjeldande forskrift *FOR-2021-03-10-671 Forskrift om minsteareal for elg-, hjort- og rådyrjakt, Lom kommune*, men det er teke inn ein ny § 5 om fellingsavgifter.

Det er ikkje gjort endringar i forskrifta når det gjeld minsteareal for elg, hjort og rådyr. Viltutvalet ønskjer å vurdere behovet for å justere minsteareal etter at storviltjakta 2026 er gjennomført, dvs. før det skal utarbeidast nye bestandsplanar for perioden 2027-29 (for vald som har stort nok areal).

Høyringa er kunngjort på kommunen si heimeside, og i Fjuken 07.05.2026.

Kommunen ber om uttaler og merknader til høyringsforslaget innan **10.06.2026**.

Forslaget til ny forskrift, og saksprotokoll frå behandlinga i viltutvalet er vedlagt her.

Brevet er elektronisk og vert sendt utan signatur

Med helsing

Sander Sælthun
Rådgjevar
Plan, byggesak og miljø

Postadresse:

Sognefjellsvegen 6
2686 LOM

Besøksadresse:

Sognefjellsvegen 6

Org.nr: 959377677

Heimeside: www.lom.kommune.no

E-post: postmottak@lom.kommune.no

Telefon: 61217300

Bankkonto: 20850700010

Vedlegg

- 1 Høyringsforslag - forskrift om opning av jakt, fastsetting av minsteareal for elg-, hjort- og rådyrjakt og fastsetting av fellingsavgifter for Lom kommune
- 2 Saksprotokoll Ny viltressurslov – krav til kommunen om fastsetting av fellingsavgift for jakt på elg og hjort i forskrift

Adresseliste:

Statsforvaltaren i Innlandet
Innlandet fylkeskommune
Lom jeger- og fiskarforeining

Storviltvalda i Lom v/ leiar/ kontaktperson